



**Ikkje skal vi påstå at det er naudsynt å importera instruktørar frå Hedemarken for å læra uskedelingane å bruka ploegen.**

**Ikkje desto mindre har eit knippe bønder frå bygda i dag hatt instruksjon i pløying på Heio ved ein ekspert frå Stange. Kjell Mangerud er namnet og han har vorte eit begrep i store delar av landet.**

- Sidan eg pensjonerte meg som lærar på Blæstad i Vang for nokre år sidan har eg turnert over heile landet frå Jæren til Kautokeino, fortalde stangesokningen som var flink pedagog og fekk lovord frå elevane.

Han la til at det er berre kos å vera pensjonistlærar. I Kvinnherad hadde han også vore ein gong før og då på Ølve.

Arrangementet var ikkje, som ein kanskje skulle tru, i regi av bondelaget. Det var landbruksrådgjevinga i Hordaland (tidlegare forsøksringen) som sto bak.

Foto: Ola Matti Mathisen

